



NorseImpact



Støtta av
Forskningsrådet

Samanhengande digitale tenester i psykisk helsefeltet

28.-29. august 2024 hadde Norse Impact kick-off i Førde med oppstartseminaret «Digitale helsetenester som tillegg til tradisjonelle helsetenester». Vi er glade for å vere i gang!



Oppstartsseminaret samla fleire deltakarar i og interessentar av prosjektet. Det var fleire spanande innlegg og gode diskusjonar knytt til temaet for dagen. Vi fekk høyre om sjølve prosjektet frå prosjektleiar, om Norse Feedback AS, privat-offentleg innovasjonssamarbeid, og vi fekk ein innføring i digitale helsetenester 2.0. Tilslutt fekk vi bli kjent forskning innan rus og arbeid med å engasjere og behandle unge med psykosevanskar.

- Norse Impact er eit forskning- og innovasjonsprosjekt finansierte av Noregs Forskningsråd (NFR) som del av PilotHelse-programmet.
- Prosjektet er leia av professor, forskingsjef og Norse Feedback-gründer Christian Moltu, i samarbeid med et sterkt konsortium.
- Sammen skal konsortiet for Norse Impact utvikle fremtidens digitale psykiske tilleggsbehandlinger basert på den enkeltes egne data.
- Prosjektperioden er frå 2024 til 2028.



Kva har skjedd sidan oppstart?

Etter oppstarten av prosjektet er det gjennomført ein rekke aktivitetar. Det har vore jamlege digitale og fysiske møter med arbeidsutvalet i prosjektet, og prosessen med å få godkjent Norse Impact som medisinsk utstyr er påbegynt. Etikk og fokus på personvern har vore eit hovudfokus frå starten, og møter med vitskapleg råd og styringsgruppa for prosjektet har gitt verdifulle innspel til vegen framover. Det er også tilsett tre stipendiatar i prosjektet, som skal bidra med sin kompetanse og forskning innan ulike delprosjektområde.



Bli kjent med arbeidspakkene og sentrale medarbeidarar i prosjektet

Arbeidspakke 1: Ansvarleg etikk i forskning og innovasjon

Denne arbeidspakken skal utvikle metodologien for involvering av interessentar i alle fasar av prosjektet. Arbeidspakken skal også gje råd, implementere, forske på og dokumentere prosessar for ansvarleg forskning og innovasjon. Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for denne arbeidspakken.

Julie er tilsett som stipendiat i prosjektet ved Helse Førde og startar 1.januar 2025. Ho skal vere involvert i arbeidspakke 1.



Arbeidspakkeleiar:
Eli Natvik,
Høgskulen på
Vestlandet,
eli.natvik@hvl.no



Stipendiat Julie
Hammerseth Herstad,
julie.hammersestherstad@helse-forde.no

Arbeidspakke 2: Brukarsentrert design og deltaking frå sluttbrukarar

Denne arbeidspakken skal utvikle eit brukarvenleg digitalt verktøy, med deltakarorientert design for å tilpasse intervensjonar til pasientdata og behovsmønster.



Arbeidspakkeleiar:
Christian Moltu, Helse
Førde,
christian.moltu@helse-forde.no

Arbeidspakke 3: Intervensjonssikkerheit, effektivitet og tilfredsheit

Denne arbeidspakken skal teste tryggleik, effektivitet og tilfredsheit med intervensjonar hos unge vaksne med rusproblem og unge med psykosenære tilstandar.



Arbeidspakkeleiar rus:
Kristin Tømmervik, St.Olavs Hospital HF,
kristin.tommervik@stolavs.no



Arbeidspakkeleiar psykose:
Inge Joa, Helse Stavanger HF,
inge.joa@sus.no



Stipendiat Hege Tvedt

Stipendiat Ida Aasve
Hepsø

Hege er tilsett som stipendiat i prosjektet ved Helse Stavanger HF, og Ida er tilsett som stipendiat i prosjektet ved St. Olavs hospital HF. Begge skal vere involvert i arbeidspakke 3.

Arbeidspakke 4: Compliance med regulatoriske krav og datasikkerheit

Denne arbeidspakken skal sikre etterleving av GDPR, datasikkerheit og medisinske standardar, men dokumentasjon for implementering.



Arbeidspakkeleiar: Hege
Nechita-Hopland, Norse
Feedback AS,
hege@norsefeedback.no

